



## Utlysning av kompetansemidlar til ikkje - kommunale barnehageeigarar Nasjonalt prøveprosjekt 2018

Kunnskapsdepartementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å vidareføre eit nasjonalt prøveprosjekt med kompetansemidlar til ikkje-kommunale barnehageeigarar som ønskjer å auke tilsette sin kompetanse i barnehagar på tvers av kommunegrensar. Prosjektet skal gjelde i budsjettåret 2018.

Fylkesmannen i Hordaland forvaltar prosjektet på vegne av Utdanningsdirektoratet.

### Søknadsfrist 4. mai 2018

#### Kva skal prosjektet prøve ut

Hensikta med prøveprosjektet er å prøve ut ei ordning med at eigarar søker om kompetansemidlar til tilsette i eigne barnehagar over kommunegrensar. Ein vil vurdere moglegheiter og utfordringar som denne ordninga kan ha vis a vis den regionale ordninga for kompetanseutvikling i barnehage, jf. revidert kompetansestrategi.

#### Målgruppe for ordninga

Ikkje-kommunale barnehageeigarar frå heile landet som er registrert som eigar av fleire barnehagar og som har registrert seg med juridisk selskapsnummer i Nasjonalt Barnehageregister (NBR), kan søkje. Eigarselskapet må være registrert i Nasjonalt barnehageregister per søknadsfrist.

Alle andre barnehagar er omfatta av kommunane sine ordningar med statlege tilskot til kompetanseutvikling, og kan ikkje søkje til denne ordninga.

Nasjonalt barnehageregister viser per i dag at 35 barnehageeigarar fyller vilkåra for å søkje. Desse eigarane har 403 barnehagar i til saman 200 kommunar. Talet på årsverk som er omfatta av ordninga er 7000.

#### Beløp

For 2018 er det løyvd 5 440 000 kroner til formålet. Dette tilsvare eit beløp på omlag 770 kroner per årsverk. Beløpet kan tas i betraktning når ein skal dimensjonere tiltaket og søknaden.

#### Midlane skal brukast i tråd med føringar i *Kompetanse for framtidens barnehage - Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018 - 2022.*

Val av satsingsområde må baserast på konkret vurdering av den enkelte barnehage sine behov for kompetanseutvikling.

Dei fire tematiske satsingsområda i kompetansestrategien er

- Barnehagens verdigrunnlag
- Barnehagen som pedagogisk verksemd
- Eit inkluderende miljø for omsorg, leik, læring og danning
- Kommunikasjon og språk

Innanfor desse tema er tre nasjonalt prioriterte område særleg viktige.

Barnehagens språkmiljø og barns språkutvikling

Kompetanseutviklingstiltak skal sees i sammenheng med *Språkløyper*<sup>1</sup> - Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving (2016 -2019).

Realfag i barnehagen

Tiltak skal sees i sammenheng med *Tett på realfag*<sup>2</sup>- Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæringa (2015 -2019).

Læringsmiljøet i barnehagen

Tiltak skal sees i sammenheng med NOU 2015:12.<sup>3</sup>*Å høre til* – Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø.

### **Barnehagebasert kompetanseutvikling skal være førande**

Barnehagebasert kompetanseutvikling fordrar at barnehageeigarar og barnehagestyrarar forankrar utviklingsarbeidet i barnehagane. Styrar leiar prosessane i personalgruppa.

Barnehagebasert kompetanseutvikling tar utgangspunkt i kompetansebehovet hos barnehagens personale. Utfordringar som vises gjennom kritisk refleksjon og eigenvurdering, samarbeid med foreldre og samarbeidsutvalg, vil kunne motivere til felles innsats. Barnehagebasert kompetanseutvikling skal inkludere heile personalgruppa. I den grad ein arrangerer felles kurs, skal styrar alltid følgje opp i personalgruppa, og gjennomføre endringene i barnehagen. Dette er et vilkår for å få midlar fra denne ordningen.

### **Samarbeid med fagmiljø**

Eit fagmiljø skal medverke med fagleg støtte og rettleiing i den enkelte barnehage, men desse står ikkje som ansvarleg for kompetanseutviklinga. Eksempel på fagmiljø kan vere universitet, høgskular og nasjonale sentre.

Det skal gå fram av søknaden kva kompetanse det eksterne miljøet tilfører prosjektet, og kva de har avtalt om dette.

### **Søknaden**

Søknaden skal sendes elektronisk via søknadskjema på Fylkesmannen i Hordaland si nettside.

---

<sup>1</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/sprak--lese--og-skrivestrategi/id2460761/>

<sup>2</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tett-pa-realfag/id2435042/>

<sup>3</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/>

- Ein kortfatta kompetanseutviklingsplan for dei aktuelle barnehagane som er omfatta av søknaden skal leggja ved. Søknaden skal vise målsetting, organisering og antall barnehagar og tilsette som skal delta.
- Søkjarane plikter å opplyse om dei har fått, eller antar at dei vil få, tilbod om kompetansetiltak frå midlar som kommunane får tildelt frå Fylkesmannen.
- Dei som søker midlar til fleire tiltak, skal fylle ut eitt søknadsskjema for kvart tiltak.

**Rapporteringsfrist: 31. desember 2018**

- Eigar rapporterer til Fylkesmannen korleis midlane er brukt og korleis eigar og styrer har følgt opp prosjektet.
- Det blir også spurt etter eventuelt samarbeid med kommunen i forkant av søknaden, om ein har fått midlar og/eller deltatt på tiltak som barnehagemyndigheita tilbyr i 2018.

Det blir sendt ut et rapporteringsskjema hausten 2018.

**Søker vil få e-post fra Fylkesmannen i Hordaland med kopi av innsendt søknad.** All korrespondanse i saken vil gå elektronisk via [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) .